

Hopland grendalag  
v/styret

Hopland 08.06.2023

Austrheim kommune  
v/ vegansvarleg

Gjeld kaianlegg i Hoplandsvika, Molokaien.

Vi har fått opplyst at Austrheim kommune har overteke ansvaret for drift og vedlikehald på Molokaien.

Vi har tidlegare prøvt å få Kystverket på bana, men det har vist seg nærast umulig. For ein god del år sidan lukkast det grendalaget å få gjennomslag for å få sikra sjølve nordre moloarm, men det var ikkje vilje til å få kaien i lovleg stand.

Kaien er, slik den framstår i dag, farleg. Det manglar stoppskinne, redningsbøye, fenderverk og redningsleider om uhellet er ute. Ilandstigingstrappa/steintrappa på sørsida av kaien er i svært dårleg forfatning/direkte farleg, og må reparerast snarast, forhåpentlegvis i same stil som den er opprinneleg murt. Denne trappa er ein del av Molokaien, og skal til ei kvar tid vera tilgjengeleg for ilandstiging frå båt.

Det bør også skiltast at kaien ikkje kan nyttast til permanent/langvarig fortøying av båt, eller langtids parkering av bil.

Kaien og heile området er svært mykje nytta av både fastbuande, hyttefolk og andre tilreisande. Det er viktig at området framstår som trygt for alle.

Vi er gjerne med på synfaring om dette er interessant, og helst saman med grunneigar.

PS : Hopland grendalag kan setja opp ei redningsbøye på dugnad. Denne vil bli plassert lett tilgjengeleg og godt synleg på bergveggen.

Med helsing  
Styret i Hopland grendalag  
v/Linda Syslak  
leiar